



Vurdering for utvikling

Rapport



Veke 9, 1-3.3 2021

Tema: Robuste barn - kompetente vaksne

Stad og dato: Hyllestad 3.3.2021

Torunn Åsnes
Vurderar

Sidsel Anita E Itland
Vurderar

Innhold (er automatisk)

1. Føreord.	3
2. Oppsummering.	4
3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema.	4
4. Frå vurdering til endring av praksis.	5
5. Framtidsbilete.	6
6. Vurderingar.	7
Kvalitetsmål: Borna.	7
Kvalitetsmål: Personale/tilsette:	9
Kvalitetsmål: Foreldra.	11
Kvalitetsmål: Organisasjonen.	14
7. Spørsmål til refleksjon.	16
8. Vidare arbeid.	16
 Vedlegg:	 17
Deltakarar i vurderinga.	17
Tidsbruk.	17
Metodar.	18
Samtaleguidar og skjema.	19

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen».

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye øye. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilet av kvaliteten i barnehagen/skulen, men skal vere eit bidrag til kva eininga må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen/skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

Mars 2021

Gøril Fristad
Utviklingsleiari for barnehage og skule
Oppvekst og utdanning i HAFS
Mobil: 92641210
E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

I Hyllestad barnehage er det godt å vere. Barn og vaksne trivast ilag, foreldre er jamt over nøgd med barnehagen.

Dei tilsette er nær og pålogga, barna søker støtte og hjelp hos dei vaksne og leiken har stor plass. I Hyllestad barnehage er dei opptatt av at barn skal få nok tid og rom til å gjere sjølv, både praktiske utfordringar og skapande verksemd. Dei nyttar nærmiljøet til motorisk utvikling, glede over meistring og kilde til inspirasjon.

Foreldra er interessert i barnehagens innhold. Dei kjem med innspel og fylgjer i stor grad opp tiltak som kjem frå barnehagen. Barnehagen fylgjer i stor grad opp innspel og ynskjer frå foreldregruppa. Barnehagen har mange kanalar for informasjonsutveksling, men det er ikkje alle som nyttar dei like mykje, verken frå foreldresida eller barnehagesida.

Barnehagen er opptatt av at alle barn skal ha ein naturleg plass i gruppa og har utarbeid verktøy for å handtere eventuell mobbing/utestenging. Praksis og haldningar er fagleg begrunna og det er tydeleg at fagstoff vert jobba grundig med i heile personalgruppa. Vi ser ein klar samanheng mellom fagleg forankring, kvalitetsutvikling og Hyllestad si satsing på bemanning i barnehagen. Utan nok tilsette er det svært vanskeleg å drive kvalitativt gode utviklingsarbeid.

Slik vi ser det kan barnehagen ha ei utfordring i korleis det skal verte meir likskap i korleis dei møter barn med uhensiktmessig åtferd, korleis og i kor stor grad dei skal nytte dei ulike informasjonskanalane og korleis dei kan synleggjere at foreldra er aktørar i barnehagens utvikling.

3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

Hyllestad barnehage ligg i Hyllestad sentrum, nedanfor kyrkja og kommunehuset, mot sjøen med ei fantastisk utsikt til fjellet Lihesten. I Hyllestad barnehage er einaste barnehagen i kommunen og har fire avdelingar, to avdelingar med barn frå 0 til 3 år (7 og 10 plasser), og to avdelingar med barn frå 3 til 6 år (18 plassar). Til saman er det 48 barn og 19 dyktige personale. Opningstida er frå kl. 06.45 til 16.15. Avdelingane er kalla opp etter steinartane i kvernstein – Granat, Glimmer, Skifer og Konglomerat.

Verdisynet til barnehagen er: I Hyllestad barnehage skal vi i samarbeid og forståing med bornas heim:

- Arbeide for at alt vi gjer er til barnets beste.
- Jobbe for å gjere kvarandre gode slik at små og store blomstrer, utviklar seg og vert den beste versjonen av seg sjølv.
- Lære borna å vise respekt og toleranse for andre menneske og alt levande.

- Gje borna ein god barndom med vekt på læring gjennom leik, trivsel og vennskap.


Barnehagen sin visjon er: «Eg kan, eg vil, saman får vi det til».

Barnehagen jobbar med Kvalitet for leiing på sjette året og dette barnehageåret jobbar vi med temaet «Robuste barn og kompetente vaksne». Med det som utgangspunkt har dei valt å bli vurdert på temaet vi jobba med. Grunnlaget for val av tema er gjennom drøftingar på avdelingane, personalmøta og praksisforteljingar. Vi ser og opplever at det er mykje «eg/meg» og at vi må ha fokus på at barna må øve seg på å møte/takle motstand i livet.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehagevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen for å observera og snakka med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.



Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen sitt ansvar

å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har Det skal skje i eit samarbeid med barnehageeigaren og regionen.

Meir om ekstern barnehagevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)

5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar.

Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Barna: Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler Rammeplanen s 11	<ol style="list-style-type: none">1. Barna har ein kvar dag fylt med glede, humor, utfoldelse og meistring2. Barna kjem til dei vaksne for å få hjelp og støtte3. Barna blir møtt av vaksne som roser, anerkjenner og bekrefter dei kjenslene barnet har4. Barna får tid til å prøve sjølv
Personalalet: Barnehagen skal bidra til at barna opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebygge krenkingar og mobbing Rammeplanen s 11	<ol style="list-style-type: none">1. Dei tilsette tek ansvar for at alle barna har ein plass i gruppa2. Dei tilsette støtter barna i å takle utfordringar og ha trua på seg sjølv3. Dei tilsette hjelper barna til å forstå og sette ord på følelsar og eigne grenser4. Dei tilsette rettleier barna til å ta omsyn til andre og godta andre sine meningar5. Dei tilsette legg til rette leikar/aktivitetar som gjev barna meistring, utfordring og glede
Foreldre: Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid vere til barnets beste Rammeplanen s 29	<ol style="list-style-type: none">1. Foreldra er interessert i det barnet opplever/gjer i barnehagen2. Foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen3. Foreldra følgjer opp felles tiltak4. Foreldre tek opp ting fortløpande med barnehagen – brukar barnehagen som støtte i oppdragarrolla si

<p>Organisasjonen:</p> <p>Barnehagen er ein lærande organisasjon.</p> <p>Heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar</p> <p>Rammeplanen s 15</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeid med fagstoff inkluderer alle og skjer på avdelingsmøte, pedagogisk leiarmøte og personalmøte 2. Personalet brukar praksisforteljingar som viser korleis teori og praksis heng saman i kvardagen 3. Foreldreråd og samarbeidsutval er aktive aktørar i utviklingsarbeidet 4. Personalet er gode rollemodellar i forhold til samarbeid og kommunikasjon
--	--

6. Vurderingar

Kvalitetsmål: Barna

Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler

1. *Teikn på god praksis: Barna har ein kvardag fylt med glede, humor, utfoldelse og meistring*

God praksis:

Barn og vaksne i Hyllestad barnehage har det kjekt ilag. Dei ler mykje, tullar og leiker. Barna er aktive og sjølvstendig deltagande både i kvardagsrutiner og aktivitetar, sjølvstyrte og vakseninitierte. Barn gjev uttrykk for at det er kjekt å vere i barnehagen, og dei får bestemme mykje sjølv. "Det e kjempegøy og fint. Dei vaksne er flinke" (sitat barneintervju). Vaksne fordeler seg utover i barnegruppene og er deltagande i det barn gjer. Dei tilsette fortel i intervju at dei brukar mykje song, dans og musikk, dei heng seg på ungane sine innspel og deira humor. "Vi gleder oss i lag med ungane både i leik og på tur, viser glede over å vere i lag med dei" Dei tilsette ynskjer å legge til rette for at barna kan "gjere det dei har lyst til, hvis det let seg gjere, prøver nye ting, undre seg og utforske. (sitat tilsetteintervju). Dei legg opp til at barna skal få kjenne meistring gjennom kvardagsaktivitetar, gruppeaktivitetar og bygge steg for steg og er bevisste på at barn er ulike og derfor treng ulike utfordringar. Dette har vi også sett. Informasjon frå barnehagen til foreldra ber preg av dokumentasjon og planar om kjekke ting barn og vaksne gjer og skal gjere.

Dette kjem fram i dokument, observasjon og samtale med tilsette og barn.

2. Teikn på god praksis: Barna kjem til dei vaksne for å få hjelp og støtte

God praksis:

Både små og store barn kjem til vaksne for å få hjelp til praktiske gjeremål, leik og spel, løysing av konflikter eller berre få ei støttande hand eller eit blikk. Barna kjem bort til dei vaksne og bruker ord, kropp og mimikk for å få hjelp, og dei tilsette er gode på å lese og tolke kva barna ynskjer. Dei tilsette er nær og tett på slik at det er lett for barna å få kontakt. Tilsette på småbarnsavdeling er mykje på golvet og på kne, ute er dei og mykje på lave krakkar slik at dei kjem i augehøgd med barna. Vi ser at barna flokkar seg rundt dei vaksne. Når vi spør barna om kven dei kan spørje om hjelp, svarar dei "vaksne, men noken er for opptatt av å stryke eller lage mat". Dei fortel at vaksne passar på at dei seier fine ord og ikkje dumme ting til kvarandre, les og syng songar for dei.

Praksis som kan bli betre:

Vi har og sett og hørt barn som prøver å få kontakt med vaksne både i garderobe, i leik og i toalettbesøk der dei har måtte vente eller gje opp å få kontakt. Dette er naturleg der det er mange fleire barn enn vaksne, men er kanskje noko som kan takast opp til felles refleksjon.

Dette kjem fram i observasjon og samtale med tilsette og barn.

3. Teikn på god praksis: Barna blir møtt av vaksne som roser, anerkjenner og bekrefter dei kjenslene barnet har

God praksis:

Vi har sett mange gode døme der tilsette anerkjenner og bekrefter barn sine kjensler. Barn som gret får høyre "eg ser du e lei deg" Barn som vil ha ein leike som er opptatt frå høyre "Eg ser at du har lyst på den ... " og "eg skjønar at du blir sint når ..." Vi har og hørt tilsette som møter barns glede med "No har du det kjekt". Dei tilsette er gode på å sjå og bekrefte det barna gjer og har lyst til å gjere, dei er pålogga og positive i møte med barna. Dei legg vekt på å vere konkret i rosen slik at barna skjønar kva som er bra. Tilsette er opptatt av at barn sin kjensler skal takast på alvor "dei har lov å ha dei kjenslene dei har sjølv om eg hadde meint noko anna" og "...." Følelser er ikkje over sjølv om dei vaksne synest det er nok grining. ikkje alltid ungen er ferdig." (sitat tilsetteintervju). Når vi spør barna om det er lov å vere glad, lei seg eller sint, svarar dei: "Det e lov å vere lei seg, men ikkje så veldig sinte. men sur går fint." Og dei legger til at det ikkje er lov å slå eller bite når dei er sinte, men dei kan gå vekk. I arbeidet med "beste praksis" er eit av teikna "Eg ser, møter og anerkjenner barnet på sitt nivå".

Praksis som kan bli betre:

Vi har og sett døme der dei tilsette ikkje er like gode på å hjelpe barna med å setje ord på kjenslene sine. Frustrerte eller sinte barn som har ei åtferd som ikkje er akseptabel kan bli møtt på ein ikkje-inkluderande måte og vere med på å forsterke ei kjensle av utanforskap der barnet (og dei andre) kanskje hadde hatt trøng for hjelp til å skjøne eigne kjensler og reaksjonar. Dette kan barnehagen jobbe meir med, gjerne ved å nytte praksisfortellingar der positive møter er i fokus (lære av kvarandre sine suksessar). Vi har og sett åtferd som ikkje vert tatt tak i der barn held fram med ei lite hensiktsmessig åtferd i høve andre barn der barnet kanskje kunne hatt behov for hjelp til å finne ut kva kjensler som utløyser åtferda? I

“beste praksis” skriv dei “Eg skal vere nær og rettleie barnet i utfordrande situasjonar og hjelpe dei vidare”

Dette kjem fram i observasjon, dokument og samtale med tilsette og barn.

4. Teikn på god praksis: Barna får tid til å prøve sjølv

God praksis:

Tilsette er bevisste på at barn treng tid til å gjøre sjølv. Dei bruker god tid på overgangar som påkledning når dei skal ut, legg til rette for at barn kan klare sjølv, kjem med oppmuntring, viser og hjelper med det som skal til. Dei prøver å ikkje overhjelpe, men la barna få bruke den tida det tar. “Vi skal ikkje heim før fire, det tar den tida det tar” seier ein av dei tilsette. Dei er og klar over at det er dei vaksne som er opptatt av å rekke noko og “at det har meir med vår innstilling å gjøre enn med tida”.(sitat tilsetteintervju). Vi har sett mange gode døme på barn som er sjølvstendige både i leik og aktivitet, i måltid og garderobe og vaksne som har ro til å vente. I årsplanen les vi at dei vil vere “støttande, tilgjengelege og nære i leiken samtidig som vi gjev barna rom for å gjøre eigne erfaringar. Det samme kjem fram i “beste praksis”.

Dette kjem fram i dokument, observasjon og samtale med tilsette og barn.

Kvalitetsmål: Personalelet/tilsette

Barnehagen skal bidra til at barna opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebygge krenkingar og mobbing

1. Teikn på god praksis: Dei tilsette tek ansvar for at alle barna har ein plass i gruppa

God praksis:

Vi har sett mange gode eksempel på at dei tilsette sørger for at alle barn vert inkluderte og har sin plass i gruppa. Dei tilsette er støttande stillas for barna, og hjelper barn til å finne sin plass i gruppa. Dei tilsette er nærverande og tilgjengelege for barna. Barnehagen har ein plan for psykososialt barnehagemiljø som blir brukt aktivt dersom det er bekymring for at barn ikkje blir inkludert i gruppa. Barnehagen samarbeider med heimen om tiltak for å få barn inkludert i gruppa.

Praksis som kan bli betre:

Vi har sett at barn blir møtt på ulike måtar når dei treng korrigering av åferd. Vi har til dømes hørt tilsette berre seie namnet til barnet for å korrigere åferd, i staden for å setje seg ned med barnet og forklare for barnet kva som ikkje er greitt. Personalelet bør drøfте og verte einige om felles praksis for korleis ein kan korrigere/ irtettesette på ein måte som ikkje verkar ekskluderande.

Dette kjem fram i observasjon, dokument og samtale med barn og tilsette.

2. Teikn på god praksis: Dei tilsette støtter barna i å takle utfordringar og ha trua på seg sjølv

God praksis:

Vi har sett og hørt at dei tilsette støttar barna i å takle utfordringar og ha tru på seg sjølv, dei gir barna utfordringar ut frå alder og modningsnivå, er flinke til å støtte, rose og legge til rette for at barna skal få prøve. Barna vert trygga på at dei blir sett og at dei vaksne er der for dei.

Dette kjem fram i observasjon og samtale med barn og tilsette.

3. Teikn på god praksis: Dei tilsette hjelper barna til å forstå og sette ord på følelsar og eigne grenser

God praksis:

Alle tilsette fortel at dei nyttar handflata opp og ordet stopp som eit verktøy for barna til å vise sine grenser. Dei snakkar om å setje ord på og gje beskjed om når grensa er nådd for barnet. Barna fortel at dei har laga reglar for korleis dei skal vere med kvarandre og kva som ikkje er lov å gjere mot andre. Dei tilsette fortel at dei snakkar om kjensler med barna og nyttar mellom anna "Steg for steg". Barna fortel at det er lov å vere lei seg og å vere sur, men det er ikkje lov å bli så sint at ein sparkar eller slår.

Praksis som kan bli betre:

Som vi tidlegare har beskrive på barneperspektivet under teikn på god praksis "barna blir møtt av vaksne som roser, anerkjenner og bekreftar dei kjenslene barna har", har vi sett døme på at barn ikkje alltid får hjelp til å setje ord på kjenslene sine. Frustrerte eller sinte barn som har ei åtferd som ikkje er akseptabel kan bli møtt på ein ikke-inkluderande måte.

Dette kjem fram i observasjon og samtale med tilsette og barn.

4. Teikn på god praksis: Dei tilsette rettleier barna til å ta omsyn til andre og godta andre sine meiningar

God praksis:

Vi har sett fleire døme på at barna er gode på å ta omsyn til kvarandre og støtte kvarandre. Dei tilsette rettleier og hjelper barna i til dømes konfliktløysing. Barna fortel at viss dei ikkje klarer å bli einige eller ikkje får bli med i leiken, får dei hjelp av ein vaksen. Eller, som nokre barn fortalte: "Då tenker vi berre, jaja, då kan vi finne på noko anna!"

Dette kjem fram i observasjon og samtale med barn og tilsette

5. Teikn på god praksis: Dei tilsette legg til rette leikar/aktivitetar som gjev barna meistring, utfordring og glede

God praksis:

Hyllestad barnehage har eit variert leikemiljø, ute og inne. I tillegg brukar dei nærmiljøet rundt barnehagen til turar, klatring, fisking, besøk i idrettshallen mm. Dei tilsette er opptekne av å legge til rette for og gje barna gode opplevelingar som gir meistring, utfordring og glede og dei tilsette er aktivt deltagande i barna sin leik og aktivitet. Dei er opptekne av å bruke barna sine interesser i tilrettelegging og planlegging av leik og aktivitetar for barna.

Dette kjem fram i observasjon og samtale med tilsette og barn.

Kvalitetsmål: Foreldra


Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid vere til barnets beste

1. Teikn på god praksis: Foreldra er interessert i det barnet opplever/gjer i barnehagen

God praksis:

I kva grad er du som foreldre interessert i det barnet opplever/gjer i barnehagen?

27 svar



Foreldra er interesserte i kva barna opplever i barnehagen. Dei etterspør om dei lurer på noko. Tilsette opplever og at foreldra er engasjerte og interesserte i barna sin barnehagekvardag og er flinke til å spørje. Barnehagen nyttar fleire kanalar for å nå ut til foreldra, dei sender ut månadsbrev, legg ut informasjon på vismaappen, har dagleg dialog i hente/bringesituasjonen og bruker også sms, mail og telefon. Dei tilsette fortel at foreldra jamt over er gode på å halde seg oppdaterte, men ikkje alle les informasjon som vert sendt ut. Dette gjenspeglar seg i spørsmåla til foreldra. Barna fortel i intervju at foreldra spør dei om kva dei har gjort i barnehagen og dei ofte snakkar om det i bilen. "men av og til vil eg ikkje seie noke, og då seier eg at eg ikkje hugser". sitat barneintervju). Arbeid med huset og

garasjen min (småbarnsavdelingane) har involvert foreldra i stor grad gjennom spørreskjema om barna sine interesser og kva dei liker.

Praksis som kan bli betre:

Både tilsette og foreldre er klare på at det er ulikt hvor mye avdelingane bruker vismaappen og foreldre vil gjerne at dei det gjeld skal gje meir av det. Tilsette er merksame på at også dei foreldra som ikkje spør har trong for like mykje informasjon som dei som ofte etterspør.

Dette kjem fram i observasjon, svar fra foreldra og samtale med tilsette og barn.

2. Teikn på god praksis: Foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen

God praksis:


Barnehagen nytter spørjeundersøking for å kartlegge barna sine interesser og kva dei likar. Desse vert brukt inn mot planlegging av innhald i barnehagen. Tilsette fortel at dei har ein tett dialog med foreldra. Dei nyttar vismaapp, tavle, telefon, mail og sms i kommunikasjonen i tillegg til den daglege dialogen i bringe/hentesituasjonen. Både tilsette og foreldre fortel at barnehagen etterspør innspel, får innspel og fylgjer opp innspel så langt råd er. "Dei lytter til innspel/kritikk. Av og til går dei litt i forsvarsposisjon i stadenfor å sette seg inn i kvifor foreldre stiller spm. Men stort sett ordnar det meste seg med tett dialog" (Sitat spørjeskjema til foreldre). Koronapandemien har gjort til at det fysiske samarbeidet har blitt mindre, men det er frå tidlegare etablert gode arenaer som temaarbeid på foreldremøte, dugnad og felles arrangement.

Praksis som kan bli betre:

Spørjeskjema som vart nytta i vurderingsveka viser at foreldra jamt over kjenner seg som verdifulle støttespelarar, men det er nokre unntak. Barnehagen kan med fordel kommunisere tydelegare til foreldre at dei er verdifulle for barnehagen og gjere foreldra merksame på kor tid og i kva høve dei er medaktørar.

I kva grad erfarer du som forelder at du er verdifull og aktiv støttespelarar for barnehagen?

27 svar



Dette kjem fram i dokument, observasjon, spørjeskjema til foreldre og samtale med tilsette og barn.


3. Teikn på god praksis: Foreldra følgjer opp felles tiltak

God praksis:

Både tilsette og foreldre fortel at samarbeid om individuelle tiltak er bra. Foreldra sin kompetanse på eigne barn vert nytta og der tiltak er retta inn mot enkeltindivid og heim og barnehage gjer det same, ser ein raske resultat. Felles tiltak og oppmodingar som kjem frå avdelingane vert og i stor grad fylgt opp. Foreldra er gode på å fylgje opp koronatiltak og vi ser at dei har funne gode løysingar som fungerar. Forslag til tiltak og løysingar kan kome frå både tilsette og foreldre, t.d. korleis barnehagen handterar heimsending av kle. Det er ikkje alle innspel som vert teke omsyn til, men dei er fagleg eller smittevernmessig begrunna.

I kva grad følgjer du som foreldre opp felles tiltak mellom barnehage og heim?

27 svar



Dette kjem fram i observasjon, dokument, svar frå foreldre og samtale med dei tilsette.


4. Teikn på god praksis: Foreldre tek opp ting forløpande med barnehagen – brukar barnehagen som støtte i oppdragarrolla si

God praksis

Både foreldre og tilsette melder om at foreldra er flinke til å ta opp ting undervegs. "Dei har låg terskel for å ta ein samtale dersom vi kjem til dei med ting vi vil ta opp". (sitat frå spørjeskjema). Foredra nytter ulike kanalar inn til barnehagen. Dei tilsette tek kontakt på telefon dersom dei får signal om at det er noko foreldra vil ta opp som ikkje let seg gjere i bringe/hentesituasjonen. Spørjeskjema i vurderingsveka syner jamt over høg score på i kva grad foreldra opplever barnehagen som støtte. På spørsmål om korleis dei oppfattar barnehagen som støtte svarar dei mellom anna: "Dei er veldig kunnskapsrike og bruker kunnskapen nyttige og klokt!Dei er blide og engasjerte om morgonen. Dei fortel om eventuelle konfliktar barnet har hatt slik at vi kan møte barnet litt forberedt heime ... Barnehagen viser oppriktig interesse for barna."

I kva grad tek du som forelder opp ting fortløpande med barnehagen? /Nyttar barnehagen som støtte i oppdragarrolla di?

25 svar



Praksis som kan bli betre

Foreldregruppa har ei facebookside som vert lite nytta. Ein bør enten tilstrebe å få den meir opp og gå eller finne ein annan plattform. Det kan vere ei utfordring for enkelte å ta opp spørsmål i gruppa ettersom den inkluderer tilsette som også er foreldre og på den måten kjem i ei dobbelrolle.

Dette kjem fram i observasjon, dokument, svar frå foreldre og samtale med dei tilsette.

Kvalitetsmål: Organisasjonen

Barnehagen er ein lærande organisasjon.

Heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar

1. **Teikn på god praksis: Arbeid med fagstoff inkluderer alle og skjer på avdelingsmøte, pedagogisk leiarmøte og personalmøte**

God praksis:

Alle tilsette melder om at dei deltek aktivt i arbeid med fagstoff. Vi ser og høyrer at dei tilsette nyttar teori i yrkesutøvinga si, og haldningane reflekterer teoretisk forankring. Det er sett av tid til å arbeide med fagstoff på avdelingsmøte, ped.leiarmøte og personalmøte. Dei tilsette deltek på planleggingsdagar og fagdagar. Det er i stor grad leiarane som avgjer kva som skal arbeidast med, men alle tilsette har høve til å komme med innspel til fagstoff. Årshjulet viser at heile organisasjonen deltek på ulike nivå i arbeidet med fagstoff. Ståstadanalysen gjenspeglar dette.

Dette kjem fram i observasjon, dokument og samtale med dei tilsette.

2. Teikn på god praksis: Personalet brukar praksisforteljingar som viser korleis teori og praksis heng saman i kvardagen

God praksis:

Dei tilsette seier at å bruke praksisforteljingar er nyttig og lærerikt, det gir grunnlag for gode refleksjonar og drøftingar på møter. Personalet knyter praksisforteljingane opp mot beste praksis. Vi ser at arbeid med praksisforteljingar er nedfelt i planane til barnehagen.

Praksis som kan bli betre:

Nokre av dei tilsette fortel at det kan bli lite tid til å skrive praksisforteljingar i ein hektisk kvardag. Det er viktig å kunne få tid til å skrive ned ting medan det enno er ferskt. Det har vorte mindre av dette no, når ein brukar meir ressursar på arbeid med smittevern.

Dette kjem fram i dokument og samtale med tilsette.

3. Teikn på god praksis: Foreldreråd og samarbeidsutval er aktive aktørar i utviklingsarbeidet

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen har eit system for at foreldreråd og samarbeidsutval er aktive aktørar i utviklingsarbeidet. Barnehagen kan likevel med fordel tydeleggjere for heile organisasjonen korleis foreldreråd og samarbeidsutvalet er aktørar i utviklingsarbeidet. Både tilsette og foreldre har eit ansvar for å lese og setje seg inn i møtereferat og aktuelle dokument.

Dette kjem fram i dokument, samtale med tilsette og svar frå foreldre.

4. Teikn på god praksis: Personalet er gode rollemodellar i forhold til samarbeid og kommunikasjon

God praksis:

Vi ser tilsette som har ein god tone, med humor og varme. Hyllestad barnehage har ei personalgruppe som gjer kvarandre gode. Dei fortel at dei er opptekne av å vise respekt og toleranse ovanfor kvarandre, vere lyttande og å ta opp ting med den det gjeld med det same og ikkje late små ting eskalere. Personalet er bevisste at dei er rollemodellar.

Dette kjem fram i observasjon og samtale med dei tilsette.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Spørsmål
Barna	Korleis arbeide meir med haldningar i barnegruppa for å fremje rausheit og toleranse for ulikskap og førebygge stigmatisering/syndebukkstempel?
Personalet	Korleis kan irettesetjing vere ekskluderande eller inkluderande? Personalet bør drøfte og verte einige om felles praksis for korleis ein kan korrigere/ irettesette på ein måte som ikkje verkar ekskluderande.
Foreldra	Kor ofte bør og kan ein legge ut oppdateringar i dagbokfunksjonen i Visma flyt barnehage? Bør/kan det vere lik praksis på alle avdelingar?
Organisasjonen	Korleis kan ein tydeleggjere foreldreråd og samarbeidsutval som aktørar i utviklingsarbeidet?

8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato: Hyllestad, 3.3.2021

Torunn Åsnes
Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Sidsel Anita Ekblad Itland
Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Barn, foreldre, tilsette

Eksterne: Vurderarar frå Hafs

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Tidsplan for heile prosessen;

Tid	Tiltak	Ansvar
Veke 49	oppstartsmøte	utviklingsrettleiar
Veke 51	dokument frå barnehagen vedk. prosjekt kvalitetsleiing	styrar
Veke 2	avklare vurderingsveke	utviklingsrettleiar
Veke 2	førsteutkast til framtidsbilete	styrar
Veke 3	tilbakemelding frå vurderarane på framtidss bildet	vurderarane
Veke 4	drøfting av framtidss bildet i barnehagen	styrar
Veke 5	andreutkast til framtidss bildet	styrar
Veke 5	planar og dokument frå barnehagen	styrar
Veke 5-6	endeleg godkjenning av framtidss bildet	barnehagen og vurderarane
Veke 6	fordele oppgåver med samtaleguidar m.m.	vurderarane
Veke 7	avklare dagar og førebuing til vurderingsveka	vurderarane
Veke 8	plan for vurderingsveka	styrar
Veke 8	sende samtaleguide for tilsette og link til spørreskjema for foreldra	vurderarane
Veke 9	Vurdering i Hyllestad barnehage	Vurderarane

Tidsplan vurderingsveka:

Måndag:	09.15-10.15 Observasjon Glimmer/Skifer 10.30-13.30 Observasjon Konglomerat/Granat 14.15-15.00 Intervju med: tilsette 15.00-15.45 Intervju med: tilsette 15.45-16.30 Intervju med: tilsette 16.30-17.15 Intervju med: tilsette
Tysdag:	09.15-10.15 Observasjon Glimmer/Skifer 10.15-10.45 Barneintervju: 10.45-11.15 Barneintervju: 11.15-11.45 Barneintervju: 12.15-13.00 Intervju med leiar 13.15-14.00 Intervju med tilsette
Onsdag:	Rapportskriving 15.00 Framlegging av rapport til styrar 16.30 Framlegging av rapport. Alle deltek

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppесamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Ståstadsanalysen

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Spørjeskjema til foreldra med elektronisk svar

Observasjon

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting;

Samtaleguidar og skjema

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å speglia utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide barn

1. Korleis er det å vere i Hyllestad barnehage?	
2. Kva likar de å gjere på i barnehagen?	
3. Viss de treng hjelp til noko, kven kan de spørre då?	
4. Kva gjer dei vaksne i barnehagen?	
5. Korleis er dei vaksne å vere med i barnehagen?	
6. Kva kan de gjere sjølve i barnehagen?	
7. Har alle nokon å vere ilag med i barnehagen?	
8. Kva gjer de viss de vil vere med i leiken med nokon?	
Og kva gjer de viss de ikkje får vere med i leiken?	
9. Snakkar de om følelsar i barnehagen? Om å vere sint, lei seg, glad mm.	
Er det lov å vere sint eller lei seg?	
10. Kva gjer de viss de kranglar eller blir sinte på kvarandre?	
11. Har de reglar i barnehagen? Reglar om korleis de skal vere med kvarandre?	
12. Snakkar de med dei heime om barnehagen?	

Observasjonsskjema

Barna har ein kvar dag fylt med glede, humor, utfalding og meistring	Barna kjem til dei vaksne for å få hjelp og støtte
Barna blir møtt av vaksne som roser, anerkjenner og bekreftar dei kjenslene barna har	Barna får tid til å prøve sjølv
Dei tilsette tek ansvar for at alle barna har ein plass i gruppa	Dei tilsette støttar barna i å takle utfordringar og ha trua på seg sjølv
Dei tilsette hjelper barna til å forstå og setje ord på kjensler og eigne grenser	Dei tilsette rettleier barna i å ta omsyn til andre og godta andre sine meningar
Dei tilsette legg til rette leikar/aktivitetar som gjev barna meistring, utfordring og glede	
Foreldra er interesserte i det barnet opplever/gjer i barnehagen	Foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen
Foreldra følgjer opp felles tiltak	Foreldre tek opp ting fortløpande med barnehagen – brukar barnehagen som støtte i oppdragarrolla si
Arbeid med fagstoff inkluderer alle og skjer på avdelingsmøte, ped.leiarmøte og personalmøte	Personalelet brukar praksisforteljingar som viser til korleis teori og praksis heng saman i kvardagen
Foreldreråd og samarbeidsutval er aktive aktørar i utviklingsarbeidet	Personalelet er gode rollemodellar i høve samarbeid og kommunikasjon

Samtaleguide - tilsette

Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler

Barna har ein kvardag fylt med glede, humor, utfoldelse og meistring	
Kva gjer de for å gje barna glede og humor i kvardagen?	
Kva tenkjer du om korleis barna skal få utfalde seg?	
Korleis legg de opp til meistring?	
Barna kjem til dei vaksne for å få hjelp og støtte	
I kva situasjonar kjem barna til deg for å få hjelp?	
I kva situasjonar kjem barna til deg for å få støtte?	
Barna blir møtt av vaksne som roser, anerkjenner og bekrefter dei kjenslene barnet har	
Korleis rosar du?	
Kva legg du i å anerkjenne?	
Korleis bekrefter du barn sine kjensler?	
Barna får tid til å prøve sjølv	
Kva legg du i «tid til å prøve sjølv»?	

Barnehagen skal bidra til at barna opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebygge krenkingar og mobbing

Dei tilsette tek ansvar for at alle barna har ein plass i gruppa	
Kva gjer de om eit barn ikkje finn eller får sin plass i gruppa?	
Dei tilsette støtter barna i å takle utfordringar og ha trua på seg sjølv	
Kva gjer du for å støtte barn i å takle utfordringar?	

Kva gjer du for å styrkje barn i å ha trua på seg sjølv?	
Dei tilsette hjelper barna til å forstå og sette ord på følelsar og eigne grenser	
Korleis hjelper du barn til å forstå og setje ord på eigne følelser?	
Korleis hjelper du barn til å forstå og setje ord på eigne grenser?	
Dei tilsette rettleier barna til å ta omsyn til andre og godta andre sine meininger	
Korleis rettleiar du barn i å ta omsyn til andre?	
Kva gjer du om eit barn ikkje godtar andre sine meininger	
Dei tilsette legg til rette leikar/aktivitetar som gjev barna meistring, utfordring og glede	
Kva leik/aktivitetar meiner du gjev barn meistring?	
Korleis legg du til rette for at barn skal få utfordringar i leiken/aktivitetane?	
Korleis legg du opp til at barn skal kjenne glede i leik/aktivitet som du har planlagt?	

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid vere til barnets beste

Foreldra er interessert i det barnet opplever/gjer i barnehagen	
Kva gjer barnehagen for at foreldra skal verte interessert i det barnet opplever/gjer i barnehagen?	
Korleis syner foreldra interesse?	
Foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen	
Kva gjer barnehagen for at foreldra skal kjenne seg som verdifulle støttespelarar?	
Korleis kan foreldra vere aktive støttespelarar?	

Foreldra følgjer opp felles tiltak	
Kva for tiltak har barnehagen og foreldra bestemt seg for?	
Korleis har det gått?	
Foreldre tek opp ting fortløpende med barnehagen – brukar barnehagen som støtte i oppdragarrolla si	
Kva fora har foreldre å ta opp ting i?	
Korleis møter barnehagen foreldra slik at dei kjenner seg trygge på at barnehagen er ei støtte?	

Barnehagen er ein lærande organisasjon.

Heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar

Arbeid med fagstoff inkluderer alle og skjer på avdelingsmøte, pedagogisk leiarmøte og personalmøte	
Kven har ansvar for kva for fagstoff som skal arbeidast med?	
Korleis bidreg du i arbeidet med fagstoff?	
I kva fora deltek du?	
Personalet brukar praksisforteljingar som viser korleis teori og praksis heng saman i kvardagen	
Fortel korleis du opplever bruken av praksisforteljingar.	
Korleis får de praksis og teori til å henge saman?	
Foreldreråd og samarbeidsutval er aktive aktørar i utviklingsarbeidet	
Korleis vert foreldrerådet og samarbeidsutvalet tatt med og gitt plass til å vere aktive aktørar?	
Personalet er gode rollemodellar i forhold til samarbeid og kommunikasjon	

Kva meiner du ein god rollemodell gjer i forhold til samarbeid både innad på avdelinga og mellom avdelingane?	
Korleis kan du vere ein god rollemodell i din kommunikasjon?	

Samtaleguide - styrar

Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler

Barna har ein kvardag fylt med glede, humor, utfoldelse og meistring

Kva gjer de for å gje barna glede og humor i kvardagen?

Kva tenkjer du om korleis barna skal få utfalde seg?

Korleis legg de opp til meistring?

Barna kjem til dei vaksne for å få hjelp og støtte

Kva ser du på avdelingane når du går rundt?

Er det drøfta og etablert felles praksis rundt dette? Fortel.

j

Barna blir møtt av vaksne som roser, anerkjenner og bekrefter dei kjenslene barnet har

Kva legg du i å anerkjenne?

Er det etablert ei felles forståing for kva som ligg i dette og korleis ein praktiserer dette?

Barna får tid til å prøve sjølv

Kva legg du i «tid til å prøve sjølv»?

Barnehagen skal bidra til at barna opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebygge krenkingar og mobbing

Dei tilsette tek ansvar for at alle barna har ein plass i gruppa

Kva gjer de om eit barn ikkje finn eller får sin plass i gruppa?	
Dei tilsette støtter barna i å takle utfordringar og ha trua på seg sjølv	
Er det drøfta og etablert felles praksis rundt dette? Fortel.	
Dei tilsette hjelper barna til å forstå og sette ord på følelsar og eigne grenser	
Korleis hjelper dere barn til å forstå og setje ord på eigne følelser?	
Korleis hjelper dere barn til å forstå og setje ord på eigne grenser?	
Dei tilsette rettleier barna til å ta omsyn til andre og godta andre sine meiningar	
Korleis rettleiar dere barn i å ta omsyn til andre?	
Kva gjer dere om eit barn ikkje godtar andre sine meiningar	
Er det drøfta og etablert felles praksis rundt dette? Fortel.	
Dei tilsette legg til rette leikar/aktivitetar som gjev barna meistring, utfordring og glede	
Kva leik/aktivitetar meiner du gjev barn meistring og glede?	
Korleis legg du til rette for at barn skal få utfordringar i leiken/aktivitetane?	
Kva ser du når du går rundt på avdelingane?	

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid vere til barnets beste

Foreldra er interessert i det barnet opplever/gjer i barnehagen
--

Kva gjer barnehagen for at foreldra skal verte interessert i
--

det barnet opplever/gjer i barnehagen?	
Korleis syner foreldra interesse?	
Foreldra erfarer at dei er verdifulle og aktive støttespelarar for barnehagen	
Kva gjer barnehagen for at foreldra skal kjenne seg som verdifulle støttespelarar?	
Korleis kan foreldra vere aktive støttespelarar?	
Korleis vert foreldra invitert med?	
Foreldra følgjer opp felles tiltak	
Kva for tiltak har barnehagen og foreldra bestemt seg for?	
Korleis har det gått?	
Foreldre tek opp ting fortløpande med barnehagen – brukar barnehagen som støtte i oppdragarrolla si	
Kva fora har foreldre å ta opp ting i?	
Korleis møter barnehagen foreldra slik at dei kjenner seg trygge på at barnehagen er ei støtte?	

Barnehagen er ein lærande organisasjon.

Heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar

Arbeid med fagstoff inkluderer alle og skjer på avdelingsmøte, pedagogisk leiarmøte og personalmøte	
Kven har ansvar for kva for fagstoff som skal arbeidast med?	
Korleis bidreg du i arbeidet med fagstoff?	

Personalet brukar praksisforteljingar som viser korleis teori og praksis heng saman i kvardagen

Fortel korleis du opplever bruken av praksisforteljingar.

Korleis får de praksis og teori til å henge saman?

Foreldreråd og samarbeidsutval er aktive aktørar i utviklingsarbeidet

Korleis vert foreldrerådet og samarbeidsutvalet tatt med og gitt plass til å vere aktive aktørar?

Korleis vert dette gjort kjent i resten av organisasjonen?

Personalet er gode rollemodellar i forhold til samarbeid og kommunikasjon

Kva meiner du ein god rollemodell gjer i forhold til samarbeid både innad på avdelinga og mellom avdelingane?

Korleis kan du vere ein god rollemodell i din kommunikasjon?

Spørsmål til foreldre/føresette i Hyllestad barnehage

I samband med den eksterne vurderinga i Hyllestad barnehage ønsker vi, vurderarane, å få tilbakemeldingar frå så mange foreldre/føresette som mogleg. Vi har tatt utgangspunkt i framtidssbiletet når vi har laga spørsmåla, og særleg med tanke på kvalitetsmålet som seier at samarbeidet mellom barnehagen og heimen skal vere til barnets beste. Spørjeundersøkinga er anonym.

Svarfrist 01.03.21. Vi takkar for at du tek deg tid til å svare på desse spørsmåla.

I kva grad er du som foreldre interessert i det barnet opplever/gjer i barnehagen?
Kva gjer barnehagen for at foreldra skal verte interessert i det barnet opplever/gjer i barnehagen?
Korleis syner foreldra interesse?
I kva grad erfarer du som forelder at du er verdifull og aktiv støttespelarar for barnehagen?
Kva gjer barnehagen for at foreldra skal kjenne seg som verdifulle støttespelarar?
Korleis kan foreldra vere aktive støttespelarar?
I kva grad følgjer du som foreldre opp felles tiltak mellom barnehage og heim?
Kva for tiltak har barnehagen og foreldra bestemt seg for? (Gje døme)
Korleis har det gått?
I kva grad tek du som forelder opp ting fortløpande med barnehagen? /Nyttar barnehagen som støtte i oppdragarrolla di?
Kva fora har foreldre å ta opp ting i?
Korleis møter barnehagen foreldra slik at dei kjenner seg trygge på at barnehagen er ei støtte?